

Festidalen: Hesjedugnad på tysdag.

25.07.2015



Frå hesjedugnaden 2013. Folksamt og koseleg.

**Pyntegruppa er i startgropa til å pynte opp og klargjera festivalområdet på Dønhaug. Som ein del av dette arbeidet, vert det som tidlegare år hesjedugnad. Denne har vore svært så kjekk med godt frammøte. Cathrine Haugland i pyntegruppa håpar at det også vert slik i år. Dette passar for alle aldersgrupper, og er ein flott familieaktivitet både for fastbuande og tilreisande.**

Dugnaden vert tysdag kl.12.00, og frammøtet vert som vanleg ved grusbanen ved skulen. Pål Haugland og Ståle Eik har slått graset. Det skal rakast saman, lessast på traktortilhengar, og så vil Pål og Ståle køyra det til Dønhaug. Der skal dei to ha sett opp hesjar som dei frammøtte dugnadsfolka skal fylla i. Vanlegvis tar heile operasjonen 2 - 3 veldig koselege timer. Cathrine seier at det er veldig fint om dei som kjem på dugnaden har mulighet til å ta med river.

Tidlegare år har denne dugnaden vore veldig kjekk, og det har vore godt frammøte både av folk frå bygda og tilreisande. Både born, foreldre, besteforeldre og andre har kosa seg. Det har vore god stemning, ja, slik ein kanskje må tilbake til slåttonnene før i tida for å ha opplevd.

Cathrine Haugland, som er leiar for ei pyntegruppe på 5 flinke damer, lovar is og kaffi etter at dugnaden er ferdig. Elles merkar eg i samtalen med henne at ho syns arbeidet i gruppa er veldig kjekt!

Altså: Tysdag kl.12 er det hesjedugnad, møt opp om du har lyst. Det vert eit par svært så koselege timer.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ola Matti Mathisen